



# HELsing FRÅ KYRKJA



KYRKJELYSBLAD FOR VIK



ÅRGANG 78



NR. **01** MARS 2025



God påske!



# Den tomme krossen

Av biskop Ragnhild Jepsen

Når kyrkjeklokkene ringer påskehøgtida inn påskeaftan, vitnar dei om at kyrkjehusa er berarar av historie og kontinuitet i bygdene og byane våre. Til saman dannar dei ei lenke som bind oss til kvarandre. Det er som dei syng oss saman.

I vårt bispedøme er vi medvitne om ei tusenårig historie med lag på lag av menneskets tru og tilbeding. Steinane og veggane i kyrkjehusa er levande fordi dei har teke imot smerte og lidning, glede, kjærleik og sorg frå dei som har vore her før oss. Dei speglar gudslengt og gudsnærvær.

Det paradoksale er at dei også gjev rom for å synleggjere gudsfråvær.

Det sterkaste symbolet i kyrkjerommet vil alltid vere krossen. Symbolinnhaldet i krossen er fleirtydig. Den er eit dødsinstrument. Den er teiknet på oppstoda, og den er uttrykk for sameininga mellom Gud og menneske i Jesus Kristus. Krossen, slik vi kjenner den, vil alltid vere knytt saman med påskens bodskap: Jesu lidingssoge, hans død og oppstode.

I påskeforteljinga sine dramatiske døgn er det også ei tid då verda ikkje har nokon Gud. Frelsaren er i denne timen død. I kyrkjekunsten kjem det til uttrykk i motivet som skildrar korleis Jesu døde kropp vert teken ned frå krossen. Eit likklede vert strekt mellom krossarmane. Mannen som sa at han var Gud, viser seg å vere av kjøt og blod som resten av oss. Og sjølv om vi som ser motivet også veit at berre om nokre få dagar, på påskemorgon, skal kristne over heile verda jublande syngje «Kristus er oppstaden», er det som om vi enno ei tid må leve med eit opent spørsmål utan eit sjølvsagt svar. – Kva vil skje med oss? Kan verkeleg livet sigre over døden?

Verdas angst og menneskets oppleving av det meiningslause, av gudsfråværet, må

også ha sin stad. For viss vi ikkje torer å setje ord på at det er slik, kan vi heller ikkje tale truverdig om at Gud som lir og dør langfredag, også deler alle menneskes langfredagar. Og at oppstoda si glede og livskraft ein dag skal bli alle menneskes glede og livskraft.

Vi treng bodskapen om håpet og om den tomme grava. Vi treng det i vår del av verda, vi treng det over heile verda. Vi treng det no! For verda er råka av krefter som vil vondt. Det er vanskeleg å ta inn over seg den mengda av frykt og død vi ser omkring oss, nær oss og langt borte. Framfor denne påskehøgtida kjenner vi det igjen, og vi må ta det inn over oss.

I påsken feirar vi at lyset vinn over mørket. Og at vi skal få leve i det lyset. Det er ikkje lovnad om eit liv der alt er godt og smerte ikkje skal vere. Livet har lært oss at dagane kan vere mørke og sorga kjennes som ei klo i bringa som aldri slepp taket.

Men dei kreftene Jesus tek oppgjer med i gravkammerets rom, dei skal ikkje ta overhand. Dei skal ikkje sigre.

For Livet og Håpet er sterkare!

*Døden må vike for Gudsrikets krefter!  
Livet er gjemt i et jordekket frø.  
Se, i oppstandelsens tegn skal vi leve.  
Se, i oppstandelsens lys skal vi dø.*

(Svein Ellingsen, Norsk salmebok nr. 209)



# Frelsesarmeen i Vik



**Går du ned til Tomtebu, midt i Vik sentrum, kan du ikkje unngå å sjå dette skiltet, som syner at her i det gule huset held Frelsesarmeen til.**

Vi har spurt Gunn og Osvald Risløw, som bur eit steinkast her i frå, om å fortelja litt til kyrkjebladet:

*Har de vore lenge med i Frelsesarmeen?*

- Eg har faktisk vore med sidan 1969, fortel Osvald. Då var eg 15 år og tok eit valg, ung som eg var og kanskje ikkje til fulle forstod kva dette livet innebar, men som eg i ettertid ser har vore ei livsreise eg aldri sidan har angra på. Eg vart innvigd til frelssoldat samme året som eg stod konfirmant. Om livet har hatt sine utfordringar både på godt og vondt har eg gjennom alt blitt bevart i Guds-trua inntil i dag, det er stort for meg.

Eg hadde gode foreldre som støtta meg i dette valget.

*Korleis blir ein soldat?*

- Vi har ein del materiale ein må gå gjennom for å læra om Frelsesarmeen, kva vi står for, trur på mm. Så må ein skriva under på ei tilhøyrande pakt.

*Gunn, når møtte du Frelsesarmeen?*

- Sidan begge foreldra mine var med i korpset i Bergen er eg jo fødd inn i Frelsesarmeen, i eit av landets den gang største korps. Eg var speidar, eg var

juniorsoldat, spelte i juniormusikken og var noko som heiter korpskadett. Vidare spelte eg althorn i seniormusikken, heilt til eg gifta meg og flytta hit, frå eit av landets største til eit av landets minste korps!

*Og Osvald, du spelar trekkspel og gitar?*

- Ja, det var ho mor som lærte meg å spela gitar. Det er eg veldig takknemleg for. Seinare vart det til at eg fekk trekkspel hjå foreldra mine. Armeen er jo kjend for songen og musikken sin ute mellom folk, mykje meir før enn no.

*Kvifor går de med uniform, - passar det til evangeliet?*

- Ja, på eit meir åndeleg vis; vi har jo bladet vårt, Krigsropet som er uttrykk for ein åndeleg krig mot synd i verda. Han som skipa Frelsesarmeen var inspirert av dei militære gradene. Han begynte jo i slummen og mellom dei alkoholisererte, svarar Osvald. Og Gunn supplerer: - Når du er uniformert så syner du at du er ein kristen. Det er eit vitnesbyrd berre i det. - Samstundes er det eit ansvar. Vi er jo berre menneske og du er jo ein kristen heile tida, ikkje berre på møta.

## **Friluftsmøte**

- Før mi tid, altså før 1969 var det tradisjon med friluftsmøte på kaien, når båten





*I møtesalen på Tomtebu. Til venstre for Osvald ses et maleri, skænket av den lokale kunstner Jon Oddvar Myrkaskog. Til høyre Frelsesarmeens motto "Blod og Ild".*

kom frå Bergen. Og så var det friluftsmøte kringom i bygda; på Hove, ute på Seljadalen på Fosse. Det var den gang folk møtte fram for å høyra, i dag er ikkje slikt så enkelt å få til, seier Osvald.

*Utandørs møte, føregår det ikkje lengre i Vik?*  
- Vi er ute med julegrantenning 1ste søndag i advent. Men ellers? Nei, ikkje anna enn at vi til jul er ute med gryta. Gryta er gamal, truleg frå 1913 då Frelsesarmeen starta opp i Vik. No står denne inne på Coop, til å leggja pengar i. Eller ein Vipp-sar, slik som er vanleg i dag.

*Pengane som blir samla inn; kva går dei til?*  
Pengane kjem inn på ein velferdskonto på hovedkontoret i Oslo og er prioritert for velferdstiltak for trengjande t.d. matutdeling o.l. Midlane kan brukast gjennom heile året der det trengs. Det som ikkje vert brukt lokalt blir fordelt ut til andre områder av landet med større hjelpe og omsorgs behov t.d. byar og større tettstader. Frelsesarmeen Vik har ikkje hatt matutdeling då spørsmålet om dette ikkje har kome.

**UNG «SOLDAT» VAR I PRAKSIS I VIK**  
- **Jeg heter Gabriela Cejka, er 23 år, studerer praktisk teologi og ledelse på NLA-høyskolen i Bergen og kommer også fra Bergen.**

*Du har budd i Vik ein periode siste år. Kva gjorde du her?*

- I forbindelse med praksis i sjelesorg, bodde jeg en måned i Vik og hadde prak-

sis i Vik fengsel. Der hadde jeg samtaler med innsatte, var med å arrangere gudstjenester i fengselet og som en avveksling var jeg også med på babysang. Dette var en praksis jeg vokste mye på, både som sjelesørger, men også det at jeg kom helt alene fra en storby og måtte tilpasse meg til livet i Vik, som jeg fort ble glad i.

*Du studerer teologi. Kva tenkjer du å bruke utdanninga til?*

- Jeg har alltid hatt et stort hjerte for barne og ungdomsarbeid, og valgte derfor å studere praktisk teologi og ledelse for å kunne jobbe med dette i en kristen kontekst på fulltid. Samtidig har jeg lenge hatt et kall fra Gud om å bli offiser i Frelsesar-



*Det bildet er tatt i forbindelse med når jeg underviste kadettene (elever på Frelsesarmeens Offiserskole) om Godly Play/ Gudsrikeleiken (en form for trosformidling for hovedsakelig barn), og på bildet fremfører jeg «den gode hyrde» Gabriela*



meen, og jeg faktisk skrev på søknaden til offiserskolen når jeg var i Vik, og kom inn på skolen i november. Jeg kommer altså til å fortsette å studere i to år til etter at jeg er ferdig med bacheloren min til sommeren, og tenker at det bare er et pluss at jeg allerede har tre år med utdanning innenfor teologi når jeg nå snart skal starte på offiserskolen.

*Hvordan ser du på fremtiden for Frelsesarmeen arbeid?*

- Jeg håper at Frelsesarmeen vil fortsette å gi suppe, såpe og frelse til alle som trenger det i fremtiden, og jeg gleder meg til å være med på dette oppdraget som offiser for Frelsesarmeen! Jeg kommer fra en storby der det skjer mye hele tiden: alt

fra barne- og ungdomsarbeid, menighet-sliv, arbeid med eldre, fengselsarbeid, hjelp til å komme tilbake til arbeidslivet osv. Men jeg vet at flere steder mangler offiserer, som for eksempel i Vik, og jeg håper mange flere sier ja til kallet til å bli offiser, slik at flest mulige byer og bygder kan få støtten og ressursene til å kunne møte flest mulige både fysiske og åndelige behov, hos alle aldersgrupper.

Men det var også flott å se det lokale engasjementet i Frelsesarmeen i Vik, med et sterkt lederskap med Osvald og Gunn i spissen. Når det lokale korpset gjør alt de kan for Guds rike så har jeg en stor tro på en lys fremtid for Frelsesarmeen.

**kris**



## **MØTER I VIK VÅREN 2025:**

**21. april:** Påskefest kl. 17

**1. mai** kl. 17

**14. mai** kl. 18

**29. mai** kl. 17

Gjennom «**suppe, såpe, frelse**» vil vi vise omsorg for hele mennesket, frelse i dette livet så vel som i det evige.

**Suppe** - symboliserer de grunnleggende, fysiske behovene. Eksempler kan være mat, klær, varme eller tak over hodet.

**Såpe** - handler om verdighet, inkludering og selvrespekt. For å møte disse behovene kan man tilby jobb, nettverk, vennskap eller en søndagsmiddag.

**Frelse** - uttrykker Guds grenseløse og livsforvandlende kjærlighet gjennom Jesus. Frelsesarmeen tror at hver den som vil, kan bli frelst – kristen – og oppdage Guds individuelle plan for sitt liv.

## KONFIRMASJONAR

# Konfirmasjonar våren 2025

### VIK

- LAURDAG 3. MAI KL. 11.00

Ane Valsvik Kinden  
Ariana Helleland  
Astrid Hovland  
Daniel Pilier Stadheim  
Elina Drægri  
Emil Sjøthun  
Joar Iversen  
Kristian Følid Berglund  
Oddvar Iversen  
Sondre Alme Holstad  
Torjus Helleland Tistel

### FRESVIK

- LAURDAG 10. MAI KL. 11.00

William Settevik Skogheim  
Endre Nathaniel Gilpin

### VIK

- LAURDAG 31. MAI KL. 11.00

Astrid Time  
Dominik Nikodem Wybranowski  
Endre Berdal  
Johanne Hønsi  
Sjur Grønsberg

### VANGSNES

- LAURDAG 31. MAI KL. 14.00

Idar Vangsnes  
Even Gjerde Haugshagen  
Mia Nadolska Midttun

### ARNAFJORD

- SØNDAG 1. JUNI KL. 11.00

Birte Kristin Kjelven Hauglum  
Janne Christensen Hønsi



# Endringar i prestebemanninga

Familieauke i prestefamilien gjev endringar i prestebemanninga for sokna i Vik kommune frå våren 2025 og til sommaren 2026.

Frå april av går eg ut i foreldrepermisjon. Planen er permisjon fram til på nyåret, med førebels start igjen i februar 2026. I denne perioden vil Rasmus tre inn som fungerande sokneprest i 70 %. Han vil halde fram 30 % som fengselsprest.

Dette vil sei at Rasmus skal ha mange av gudstenestene. Han vil òg halde fram med konfirmanntane, både kullet som konfirmerast i vår og oppstart med nytt kull frå hausten av. Han tek plass i dei fem sokneråda i kommunen og i fellesrådet. Dei resterande 30 % vil prostendekka opp med vikarar til enkelttenester, som ved gravferder og nokre gudstenester.

Frå februar -26 tek Rasmus over foreldrepermis-



jonen. Då vil eg sannsynlegvis gå inn i tilsvarende delt stilling, slik at òg tenesta i fengselet blir ivareteken den tida Rasmus er i permisjon.

Frå barnehagestart i 2026 vil vi begge vere tilbake i våre respektive stillingar.

Vi har vår kvardag i Vik, og er ein del av livet som røytrar seg her, så vi treffast nok i denne tida – om det er på trilletur langs vegen, på butikken, eller til gudsteneste og anna som skjer i kyrkjene.

**Karen prest**

## La de små barn komme til meg» (Jesus av Nazaret – Lukas 18,16)



Kaffe og vafler til foreldrene etter babysong i Kyrkjestova



«Er den baby levende?»



Vetle og mama



## «Kyrkja ho er eit gamalt hus...»

Kyrkjebygga våre er etter kvart gamle, og får med det ein naturleg verdi som aukar med alderen. Dette er relativt enkle bygningar som tåler mykje av ytre påverknad i form av nedbør og vind, og det solide interiøret handterer lett hundrevis av menneske. Likevel må bygga jamt og trutt vedlikehaldast for at ikkje forfallet skal få for stort grep. Slitasjen ligg i alt frå slitne dørhandtak og vasskranar som dryp til utvendig måling og ikkje minst: vårt pågåande takprosjekt for Feios, Vangsnes og Vik. I større eller mindre grad er vi alltid litt bakpå med slikt arbeid og slitasjen blir diverre synleg ei stund før «noko endeleg blir gjort», som vi seier. Dette har med ressurstilgang å gjera, og oftast må eit prosjekt prioriterast framfor eit anna. Ved å sei ja til eitt prosjekt seier ein samstundes automatisk nei til eit anna. Kommunen er økonomisk ansvarleg for kyrkjene så rom for vedlikehald avhenger av løyvingar frå kommune til fellesråd. Statlege midlar finst også, og vi har utretta mykje med private gåver.

Grunna alderen har riksantikvaren eit ord med i laget for fire av våre fem kyrkjer, berre Vik går enno klar. Og heldigvis er det Fortidsminneforeningen som har ansvar for Hove og Hopperstad. Riksantikvaren



skal syte for at kyrkjene held seg i originalstand så langt råd er, og med andre ord blir det difor sett strenge krav til utføringa av vedlikehaldet. Her er det faktisk ikkje fritt fram. Eitt døme på vedlikehald kan vera frå Fresvik kyrkje:

### Kyrkjedørene i Fresvik

Den 18. august 2024 vart hovuddørene til Fresvik kyrkje hekta av hengslene og frakta til garasjen i Vik, etter oppmoding frå mellom anna den lokale fellesrådsrepresentanten. Dørene såg då ikkje nett fine ut etter år med maling som datt av i store flak. Om dørene er originale frå 1880 er vanskeleg å sei, men dei er laga av den aller beste materialen, og difor blytunge, og har spor etter ei mindre utviding. Beslaga som låser dørene er identiske med dei vi finn i Feios kyrkje, og tydelegvis «heimelaga». Ein lokal smed?

I garasjen vart dørblada så reinska for all måling, i ulike fargar, for det var raudt ytterst, så brunt og så blått. Og målinga var lagt på i så tjukke lag at mykje av dei fine utskjeringane i dørseglane var nesten usynlege. Innvendig var det kunn eitt lag med blå måling. Alle hengslar og beslag





vart også grundig reingjorde. Så kjem det viktige, som også riksantikvaren er nøye på: bruk linoljemåling på slike gamle ting, for det er originalt. Og der er vi ved årsaka til at dørene såg mindre pene ut: det siste laget med raud måling var ikkje laga på linolje, og over tid vil det «koka» under overflata og målinga dett av eller krakelerer. Difor linoljemåling på linoljemåling. Og den turkar som vi veit sakte. Faktisk veldig sakte. I alle fall om hausten. Så både september og oktober gjekk før to strøk linoljemåling var turt nok til turen heim til Fresvik, der dei med god hjelp vart montert på plass att. Blått innvendig og raudt utvendig. Ei mindre justering til våren må gjerast når dørkarmen har stabilisert seg etter å ha stått utan ly over lang tid. Så vil nok sol, regn og vind gjera sin jobb med farge og glans framover. Ein dag er ikkje lengre dørene nymåla, og dei får bruksmerke på nytt. Merke som aukar verdien.

**Nils Kvamme**



## Konfirmant-treff i Fresvik

Etter korona-epidemien så har det ikkje vore 50-års konfirmant-jubileum i Fresvik. No er soknerådet i Fresvik tenkt å rette opp i det: Laurdag 14. juni vil vi invitere alle konfirmantkull som er fødte frå og med 1952 tom 1961. Det blir gudsteneste i Fresvik kyrkje kl 13.00, og deretter samling i ungdomshuset.

Alle konfirmantar i Fresvik og Frønningen vil få invitasjon til dette jubileet, men soknerådet må bruke litt tid på planlegginga og å finne fram til alle. Det er difor lurt om aktuelle konfirmantar merkar seg denne datoen alt no.

Me håpar at det blir stor oppslutnad om jubileet!

*Fresvik sokneråd*

## Musikk i Vik: «Bach is back!»

Johann Sebastian Bach (født 21. mars 1685, død 28. juli 1750) var en tysk komponist fra senbarokken. I 2019 blev Bach kåret som musikhistoriens største komponist af *BBC Music Magazine* på baggrund af en rundspørge blandt 174 nulevende klassiske komponister. Vi er så heldige, at tidl. domorganist Vidar Vikøren i år byder ind med Bach-musik både til påske (Vik kyrkje) og i juni (Hove kyrkje).



Vik kyrkje Skjærtorsdag 17. mars kl.19.00:

# Bach i den stille veka

Vidar Vikøren

spelar orgelverk av

Johann Sebastian Bach (1685 - 1750)

Skriftlesing og liturgisk avslutning

## Sommarmusik i Hove steinkyrkja:

Sommerens musikkmesserne blir også denne sommar tilrettelagt av Arne Olden-Wikestad og Vidar Vikøren. Vi kan se frem til 5 onsdagkveldar med musikk i Hove Kyrkje (kl. 19.00): **25. juni, 2. juli, 9. juli, 16. juli og 23. juli.**

Men denne sommaren blir det musikalske tilbodet i Hove kyrkja utvida med ein Bach-konsert i tillegg til musikkmessene på onsdagar. Dagen før Jonsok, søndag 22. juni, vil Vidar Vikøren framføre Johann Sebastian Bachs såkalte "Vesle orgelmessa". Dette er Bachs tilarbeidingar av Martin Luthers katekisme songar. Ei samansett korggruppe vil synge Luther-salmane før vi får høyre dei i Bachs tilverknad for orgel.

Hove steinkyrkje søndag 22. juni kl. 18.00:

# KONSERT

Johann Sebastian Bach:

# Den vesle orgelmessa

Vidar Vikøren, orgel. Samansett korggruppe.

Gratis tilgjenge



## Eit gamalt pipeorgel fortel ...



**Under opprydding av restar av det gamle orgelet på loftet i Vik kyrkje tok kyrkjetenar Nils bilete av noko «graffiti» bak på orgelet. Vidar Vikøren stadfestar at han signerte her som 17-åring. Vidar fortel:**

«Eg begynte å spele orgel hos Anne Mundal hausten 1971. Ho var den gang organist og musikkleiar i Vik.

Den første gudstenesta spelte eg søndag 6. mai i 1973, og så var eg vikar heile den sommaren. Eg brukte å være sommarvikar for organistane i Vik fram til 1981.

Eg tok eksamen i kyrkjemusikk ved Musikkhøgskolen i Oslo i 1981, og studerte seinare orgel ved konservatoriet i Strasbourg. Før eg vart organist

i Arna ved Bergen i 1982 hadde eg diverse vikariat i Oslo - m.a. i Oslo domkyrkje. Eg kom til St. Petri kyrke i Stavanger i 1985 og vart domorganist då soknet blei slått saman med domkirken i 2017. Eg var også førsteamanuensis ved institutt for musikk og dans ved universitetet i Stavanger fra 2000. Her underviste eg i orgel, liturgisk orgelspel, kantoripraksis og orgelkunnskap».



## Eit gamalt trøorgel på reisefot...

Vårt prestepar i Vik, Karen Melhus og Rasmus Rustad, har lenge hatt eit gamalt trøorgel ståande i garasjen.

Der gjorde det lite nytte for seg, så Rasmus forsøkte å

gi det bort på Finn.no – og det lukkast! Musikar Ketil Thorbjørnsen fra Årdal, «Verdsmannen», som no i vinter har halde konsert i Vik, svarte med ein gang på annonsa og fekk det


kostbare klenodiet bak i bilen sin og køyrde med stor glede av gårde... Han ville donera det til Årdal sogelag. «Orgelet har overlevd mange prestar og prestevikarar fram til no, når historielaget i Årdal får overta det», fekk han opplyst frå prest Rasmus Rustad. Men sogelaget i Årdal ville ikkje ha det! Dei meinte salmesykkelen ikkje hadde noko der å gjera, når den ikkje hadde opphav i bygda.

Ketil køyrte så rundt med eit trøorgel i leigebilen... nå har han overtatt det sjølv. Han er jo musikar og vil ikkje kaste et fungerande musikkinstrument – sjølv ikkje en salmesykkel!



## NYTT FRÅ KYRKJEVERJE:

# Prosjekt «Ein inngang for alle» ved Vik kyrkje



Før nyttår fekk me tilbod frå entreprenør på bygging av den nye universelle inngangen til Vik kyrkje. Dette danna grunnlag for budsjettering og Vik kommune løyvde midlar slik at me gjennomføre prosjektet i sommar. Byggearbeidet startar tidlegast 1.juni og avsluttast seinast 15. september. I denne perioden vil det vere uråd å nytte Vik kyrkje til gudstenester, gravferder eller vigsel. Heldigvis har me tilgang til kyrkjestova og andre omliggande kyrkjer i kommunen som kan nytta i byggefasen. På denne måten vil me tilby same tenester som før til innbyggjarane våre, men kanskje på ny stad. Me gledar oss over at ei lang planleggingstid er over og at me snart kan tilby alle ein ny inngang til Vik kyrkje!

### Kyrkjetak og spørsmål til lesaren:

Fellesrådet arbeider vidare med prosjek-

tering og søknader om å få godkjent reparasjon av kyrkjetaka i Vik, Vangsnes og Feios. I vinter har me fokusert på taket på Vangsnes kyrkje. Søknad er hjå Bjørgvin bispedøme til handsaming. Riksantikvaren har vurdert søknaden og gitt innspel. Riksantikvaren bed mellom anna om opplysningar om eksisterande skifer på desse kyrkjetaka Fellesrådet lurar no på om nokon kan svare oss på følgjande:

1. Når vart eksisterande skifer på kyrkjetaka lagt?
2. Kven leverte skiferen/kor vart den kjøpt?

Me er takksam for å få meir informasjon og send svar på e-post til [marit.johanne.andersen@vik.kommune.no](mailto:marit.johanne.andersen@vik.kommune.no) eller på telefon 479 77 806.



# Kvamsøy kyrkje 750 år i 2025



## **Verdens minste øy med egen kirke**

Kvamsøy ligger i Sognefjorden, og er regnet som den minste øyen i verden med egen kirke. Øya var et viktig kommunikasjonssentrum i en tid da man ferdedes vel så mye til vanns som til lands, og den er omtalt en rekke ganger i sagaene. Kvamsøysundet er en av de beste naturlige havnene i fjorden. Øyen har en plass i historien som der kong Sverre lå med flåten sin før han møtte kong Magnus Erlingsson i slaget ved Fimreite i 1184.

## **Jubileumsfeiring i pinsen**

I pinsehelga 6- 8. juni vert det storfeiring av Kvamsøy kyrkje 750 år.

Den gamle steinkyrkja på Kvamsøya var soknekyrkje for Kvamsøy sokn til 1903 då Sæle kyrkje vart bygd på fastlandet. Olsokgudsteneste er ein lang tradisjon i kyrkja på Kvamsøy. Ei Olavskjelde på øya er med og understrekar den sterke tradisjonen som Olsokfeiring har.

Helt inntil 1964 var kirken et anneks til Vik (Hopperstad), så derfor er jubileet også relevant at nevne her i bladet. Vik avholder Gamalostfestival i same helg – men vi har avlyst høgtidsgudstenesten i Vik kyrkje for at gi mulighet for at kunne delta i jubileumsgudstenesten på Kvamsøy, hvor biskopen preker.

## **Lidt av jubileumsprogrammet:**

**Laurdag kl 17.00:** Konsert i kyrkja med gregoriansk song ved Eyolf Østrem. Kari Malmanger syng folketonar og Hallgrim Skjerdal spelar hardingfele.

**Søndag kl 12.00:** Jubileumsgudsteneste der biskop Ragnhild Jepsen deltek. Balestrand Songlag. Jubileumsoffer. Etter gudstenesta vert kyrkjekaffi på friluftsområdet på fastlandet.

### JULEKONKURRANSE – LØSNING:

Det vakre kyrkjetårn står i **Fresvik**. Blant de rette løsnings ble trukket en vinner, som kan hente et påskeegg på kyrkjekontoret (ring 479 77 806):

**Brita Sissel Turvoll**, Vangsnes




## Ny sumarkonkurranse:

Torsdag d. 29. mai er det Kristi Himmelfartsdag, og dette interessante gamle maleri kan kirkegængere studere i en av kommunens kyrkjer. Men hvilken? Svar innan 1. juli til [kristarevsbech@gmail.com](mailto:kristarevsbech@gmail.com)





# Kyndelsmessebasaren 2025



Basaren vart arrangert på Kyrkjestova laurdag 1. februar.

Mykje folk, god mat & kaffi og topp stemning under dei 4 åresala. Som «Ord for dagen» fekk vi høyre litt om kva kyndelsmesse er og vi såg også ein kort informasjonsfilm om jordbruk og opplæring på Madagaskar. Vi fekk også eit glimt til frå Madagaskar, om korleis kvinner syr dåpsdukane som kyrkjelydane våre kjøper og gjev alle dåpsbarn.

Hovudtrekninga hadde 58 gevinstar. Takk til Osvald Risløw som stod for trekninga og alle som laga mat, dei som ordna til basaren og rydda salen etterpå!

Hjarteleg takk til alle privatpersonar som støtta med flotte gevinstar og loddkjøp!

Hjarteleg takk til bedrifter for gevinstar:  
**Monicasalongen, Vik Fargehandel, XLbygg, Statkraft, Sognekraft, Vik Apotek, Accountor, Coop Byggmix, Extra Vik,**

**VikØrsta, Frisørstova, Best, Carfix, Vik Elektro, Linn Bad, Ostebaren, Geithus VVS, Spar Vik, Highsoft, Asvo, Berdalsbui, Sogn Sparebank, Blix hotell, Fjordsølv, Tistels Auto, Gunnstein Sæterlid, Hagebutikken og Petal.**

Bruttoresultat for basaren: kr. 52.172.-  
Basarpengane vert sendt til **Det Norske Misjonsselskap** som arbeider i 18 land for å betre menneske sine levevilkår og dele den kristne budskapen. Takk til alle som støtta basaren!

Vi tek mot nye foreningsmedlemer med glede!

## **Flatbygdi kvinneforening**


- Kontaktperson: Kirsti Jelle Hopperstad, tlf. 911 01 653

## **Kyrkjestova Misjonslag**


- Kontaktperson: Tove Sortevik Geithus, tlf. 908 09 113



# Barnas



**LABYRINT**  
Hjelp Maria  
å finne  
veien til  
graven.



**FARGELEGG** bildet av Jesus som viser seg for Maria etter at han døde og stod opp igjen.



Tegning: Chiara Bertelli

## Hemmelig melding til agenter

Bruk agentalfabetet for å tolke meldingen.

דכד זלזזקק זכד

זזז דל זכד

## Vitser:

- Du lukter så godt i dag. Hva har du tatt på deg?
- Rene sokker.

Det mystiske agentalfabetet:

η ] z δ α 7 1 h 2 7 y Γ ε ζ ο

A B C D E F G H I J K L M N O

∨ √ ρ ρ √ ρ Δ √ Δ √ √ √ √ √

P Q R S T U V W X Y Z Æ Ø Å



Gi bladet **Barnas**  
til et barn du er glad i!

Disse oppgavene er  
hentet fra bladet.

Bestill abonnement  
på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no)  
eller **22 08 71 00**



Har du hørt  
om han som  
sov så tungt at  
senga knakk?





## Døyppte:

### Arnafjord:

10.11.2024 Synva Hove Dale

### Vangsnes:

16.02.2025 Magnus Halset

16.02.2025 Alida Lilleøren Voll

### Vik:

12.01.2025 Endre Midlang Pettersen

26.01.2025 Jakob Målsnes Helle

23.02.2025 Mienna Målsnes



## Gravferd – urnenedsetjing:

### Arnafjord:

12.11.2024 Gjertrud Nese Sveinsbø f.1941

20.12.2024 Jan Gustav Otterskred f.1947

### Feios:

05.12.2024 Ingvar Rinde f.1948

10.01.2025 Nora Klungseth f.1938

### Fresvik:

17.01.2025 Kåre Bøthun f.1928

### Vangsnes:

03.12.2024 Leif Henrik Vangsnes f.1936

### Vik:

29.11.2024 Margit Tenold f.1925

19.12.2024 Nils Heimlid f.1941

09.01.2025 Ingvald Målsnes f.1934

21.02.2025 Oddbjørn Helgås f.1940

28.02.2025 Eiliv Andersen f.1938



# NAMN OG NUMMER

**VIK KYRKJEKONTOR:** 479 77 806

**E-POST:** KYRKJELEG.FELLESRAAD@VIK.KOMMUNE.NO

## **KYRKJELEG TILSETTE:**

### **Kyrkjeverje**

Marit Johanne Andersen

epost: marit.johanne.andersen@vik.kommune.no

## **TELEFONAR**

kontor 479 77 806  
mobil 906 86 227

## **KONTORTID**

måndag,  
tysdag og  
onsdag  
kl. 10.00–15.00

## **Sokneprest**

Karen Helene Bøhn Melhus

tlf. 468 89 980

e-post: karen.helene.bohn.melhus@vik.kommune.no

## **Prostiprest**

Rasmus Bolstad Rustad

tlf. 977 38 134

e-post: rasmus.clemens.bolstad.rustad@vik.kommune.no

## **Organist**

Krista Revsbech

tlf. 0045 25 30 48 78

epost: kristarevsbech@gmail.com

tlf. 921 61 625

## **Leiande kyrkjetenar**

Nils Kvamme

tlf. 957 30 615

## **Kyrkjetenar i Vik, Vangsnes og Arnafjord**

Jonathan Nahayo

tlf. 941 71 504

## **Kyrkjetenar i Feios**

Britt Inger Rinde Eikeland

tlf. 908 39 156

## **Kyrkjetenar i Fresvik**

Henk van Nierop

tlf. 918 70 581

## **SOKNERÅD**

Soknerådsleiar Arnafjord:

Endre Nese

tlf. 415 10 401

Soknerådsleiar Feios:

Arnstein Linde

tlf. 909 30 320

Soknerådsleiar Fresvik:

Kirsten Johanne Bøtun

tlf. 951 49 366

Soknerådsleiar Vangsnes:

Tommy Halset

tlf. 909 12 621

Soknerådsleiar Vik:

Reidunn Bolstad

tlf. 905 33 581

## **VIK KYRKJELEGE FELLESRÅD:**

Leiar: Turid Kristine Brekke

tlf. 922 28 593

## **Utleige Kyrkjestova:**

Sylvi Nummedal

tlf. 469 28 613

## **Nummedal Gravferdsbyrå v/Arnfinn Nummedal**

tlf. 918 85 770

# VELKOMMEN TIL KYRKJE

<b>23.mar</b> kl. 11.00 Vik  kl. 16.00 Arnafjord	<b>Maria' Bodskapsdag. Luk 1, 39-45</b> Gudsteneste v/ Rasmus Rustad. Årsmøte Gudsteneste v/ Rasmus Rustad
<b>06.apr</b> kl. 11.00 Vik/felles	<b>4. s. i fastetida. Joh 6, 24-36</b> Samtalegudsteneste/fasteaksjons- gudsteneste v/ Rasmus Rustad
<b>13.apr</b> kl. 11.00 Fresvik kl. 14.00 Feios	<b>Palmesøndag. Joh 12, 1-13</b> Gudsteneste Gudsteneste
<b>17.apr</b> kl. 11.00 Vangsnes kl. 19.00 Vik	<b>Skjærtorsdag. Joh 13, 1-17</b> Gudsteneste "Bach i den stille veka" v/ Vidar Vikøren. Orgelverk og Skriftlesing.
<b>18.apr</b> kl. 11.00 Vik	<b>Langfredag. Luk 22, 39 - 23, 46</b> Gudsteneste
<b>20.apr</b> kl. 11.00 Vik kl. 16.00 Arnafjord	<b>Påskedag. Joh 20, 1-10</b> Høgtidsgudsteneste Høgtidsgudsteneste
<b>3.mai (laurdag)</b> kl. 11.00 Vik	<b>(3. søndag i påsketida. Mark 6, 30-44)</b> Konfirmasjon v/ Rasmus Rustad
<b>10. mai (laurdag)</b> kl. 11.00 Fresvik	<b>(4. søndag i påsketida. Joh 14, 1-11)</b> Konfirmasjon v/ Rasmus Rustad
<b>17.mai (laurdag)</b> kl. 13.30 Vik på VBS	<b>Grunnlovsdag. Luk 17, 11-19</b> Festgudsteneste
<b>31.mai (laurdag)</b> kl. 11.00 Vik kl. 14.00 Vangsnes	<b>(Søndag før pinse. Joh 16, 12-15)</b> Konfirmasjon v/ Rasmus Rustad Konfirmasjon v/ Rasmus Rustad
<b>01.jun</b> kl. 11.00 Arnafjord	<b>Søndag før pinse. Joh 16, 12-15</b> Konfirmasjon v/ Rasmus Rustad
<b>08.jun</b> kl. 12.00 Kvamsøy kyrkje	<b>Pinsedag. Joh 14, 23-29</b> Høgtidsgudsteneste og jubileum. Biskop Ragnhild Jepsen deltek.
<b>14.jun (laurdag)</b> kl. 13.00 Fresvik	<b>(Treeiningssøndag. Luk 24, 45-48)</b> Gudsteneste og konfirmantjubileum v/ Rasmus Rustad
<b>15.jun</b> kl. 16.00 Feios	<b>Treeiningssøndag. Luk 24, 45-48</b> Utegudsteneste v/ Rasmus Rustad
<b>23.jun (mandag)</b> kl. 18.00 Hopperstad	<b>Jonsok. Joh 1, 1-8</b> Gudsteneste v/ Rasmus Rustad
<b>25.jun (onsdag)</b> kl. 19.00 Hove steinkyrkje	Musikkmesse
<b>29.jun</b> kl. 11.00 Vangsnes	<b>3. søndag i treeining. Mark 10, 13-16</b> Utegudsteneste v/ Rasmus Rustad
<b>2.jul (onsdag)</b> kl. 19.00 Hove steinkyrkje	Musikkmesse



## INFORMASJON

UTGJEVAR	Sokneråda i Arnafjord, Feios, Fresvik, Vangsnes og Vik
TRYKK	Printfarm AS
BLADSTYRAR	Krista Revsbech
KASSERAR	Sylvi Nummedal
BLADPENGAR	Kr. 150,- pr. år. Utanbygds kr. 200.-
BANKGIRONR	38003011558

## VELKOMEN TIL KYRKJE

<b>06.jul</b>	<b>4. søndag i treeining. Matt 9, 35-38</b>
kl. 11.00 Arnafjord	Gudsteneste v/ Rasmus Rustad
<b>09.jul (onsdag)</b>	
kl. 19.00 Hove steinkyrkje	Musikkmesse
<b>16.jul (onsdag)</b>	
kl. 19.00 Hove steinkyrkje	Musikkmesse
<b>23.jul (onsdag)</b>	
kl. 19.00 Hove steinkyrkje	Musikkmesse
<b>29.jul (tysdag)</b>	<b>Olsok. Luk 22,24-27</b>
kl. 18.00 Hove steinkyrkje	Gudsteneste
<b>10.aug</b>	<b>9. s i treeining. Luk 6, 36-42</b>
kl. 11.00 Vik (Kyrkjestova)	Gudsteneste v/ Rasmus Rustad
kl. 16.00 Arnafjord	Gudsteneste v/ Rasmus Rustad
<b>17.aug</b>	<b>10. s i treeining. Mark 11, 25-26</b>
kl. 11.00 Vangsnes	Gudsteneste v/ Rasmus Rustad
<b>24.aug</b>	
kl. 11.00 Vik (Kyrkjestova)	Gudsteneste v/ Rasmus Rustad
kl. 16.00 Feios	Gudsteneste v/ Rasmus Rustad
<b>31.aug</b>	<b>Joh 4, 27-30 + 39-43</b>
kl. 12.00 Fresvik (Svea)	Gudsteneste v/ Rasmus Rustad

*Vi tek atterhald om endringar i gudstenestelista.  
Sjå Sogn avis, plakater, FB og heimesida.*

Heimesida: [www.vik.kyrkja.no](http://www.vik.kyrkja.no)

Facebook: [Kyrkjene i Vik](#)

### KYRKJESKYSS

<b>Arnafjord:</b>	Ring leiar Endre Nese	tlf. 415 10 401
<b>Feios:</b>	Ring leiar Arnstein Linde	tlf. 909 30 320
<b>Fresvik:</b>	Ring leiar Kirsten Johanne Bøtun	tlf. 951 49 366
<b>Vangsnes:</b>	Ring leier Tommy Halset	tlf. 909 12 621
<b>Vik:</b>	Ring leiar Reidunn Bolstad	tlf. 905 33 581